



Selje kommune

Møtebok

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunehuset 3.etg.
Dato: 23.02.2017
Tid: Kl. 13:00 - 16:45

Følgjande medlem møtte

| | Parti |
|--------------------|--------------|
| Åge Lundebrekke | Ap |
| Marita Aarvik | Frp |
| Geir Årvik | H |
| Stein Robert Osdal | KrF |
| Gunn Sande | Sp |
| Jan Vidar Smenes | Tp |
| Judith Kvåle | Tp |

Andre som møtte

Ørnulf Lillestøl, førte møteboka.
Geir Kvisten

Møtenotater:

Innkalling og sakliste godkjent.

Møteleiar: Stein Robert Osdal

Underskrifter:

Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel |
|----------------|--|
| 005/17 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 006/17 | Referatsaker |
| 007/17 | Rapport kommunens finansforvaltning pr. 31.12.2016 |
| 008/17 | Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande |
| 009/17 | Borgundvåg hamn - Industriområde - Førespurnad om kjøp av tomt |
| 010/17 | Alkoholførebygging |



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 005/17 | Formannskapet | 23.02.2017 |

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 25.01.17 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

31.01.2017 Protokoll - Formannskapet - 25.01.2017 1329564

Formannskapet 23.02.2017:

Handsaming:

7 voterande

FS- 005/17 Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 25.01.17 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 006/17 | Formannskapet | 23.02.2017 |

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

1. Orientering ved ordførar
2. Orientering ved rådmann
3. Prosess med arealplanen
4. Avklaring i formannskapet 23.02.17
5. Hydrogenprosjekt i kommunane - invitasjon
6. Oppstartsmøte hydrogenprosjekt i kommunane
7. Trekningskrinsar for meddommarar etter samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett
8. Selje kommune - godkjenning av budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020.
9. Referat koordineringsutvalet møte 20.02.17

Formannskapet 23.02.2017:

Handsaming:

7 voterande

Tilleggsreferat:

Referat 8. Brev frå fylkesmannen om at budsjett og økonomiplan 2017 er godkjent.

Referat 9. Referat koordineringsutvalet - møte 20.02.17.

Referat 10. Representant Gunn Sande (SP) stilte spørsmål til administrasjonen.

Referat 11. Ynskje frå Senterpartiet om å få til streaming av kommunestyre i Selje.

Referat 12. Formannskapet: Forespørsel til fylkesdirektør for tannhelse tilknytning til tannlegekontor i samband med samanslåing av Eid og Selje kommune.

Referat 13. Spørsmål frå representanten Jan Vidar Smenes om Barnehageopptak

FS- 006/17 Vedtak:

Referat 1. Orientering frå ordførar:

a. Møteprotokoll frå Nordfjordrådet sitt møte 30.01.17 der ordførar orienterte om: A: status heimeside til Nordfjordrådet. B: Fornybar region 2025 og workshop med næringslivet.

b. Dialogmøte med surfemiljøet i Hoddevika 21.02.2017.

c. Møte i politirådet om arbeidet med å lage opplegg for politikontakt i Selje. Avtalen om politiråd i Selje vert sendt ut til formannschaftsmedlemane.

d. Møte med næringslivet i Selje arrangert av Nordfjord Vekst og Selje kommune om framtida til Nordfjord Vekst. Orienterte kort om liknande møte som NV har hatt med næringslivet i Eid og Vågsøy.

Referat 2. Orientering ved rådmann

a. Næringsplan / utviklingsplan

b. Medarbeidarkartlegging

c. Førebels rekneskapsresultat

Referat 3. Prosess med arealplanen.

Formannskapet ønskte at enkeltvedtak i planutvalet vert lagt inn i KU for dei enkelte områda som vedtaka gjelder.

Referat 4. Avklaring i formannskapet angående skulestruktur:

Framlegg frå Formannskapet:

Formannskapet i Selje tek informasjon frå rådmann vedrørende utgreiing av skulestruktur til etterretning. Formannskapet vil

(i lys av nyleg framlagde rekneskapstal for 2016), samt positivt vedtak om samanslåing med Eid, be om at vidare prosess vert stoppa.

Dette gjeld for heile inneverande økonomiplanperiode.

Referat 5. og 6. omhandlar det same. Ordførar orienterte om hydrogenprosjektet som

Selje kommune er med på og særskilt analysen

som skal utførast der fylgjande element vert kartlagt:

a. Lokalitetar i kommunen der det kan produserast hydrogen frå fornybar energi.

b. Planbehov for etablering av infrastruktur, lagring og distribusjon av hydrogen.

c. Kvar det er tenleg å etablere infrastruktur på land og sjø.

d. Andre planrelaterte problemstillingar (VA A, arealbruk , transportplanlegging).

e. Potensiale for utsleppsreduksjon i kommunen og regionen rundt.

f. Mulegheiter knytt til ulike bruksområde for hydrogen i kommunen.

Referat 7. Trekningskrinsar for meddommarar etter samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett.

Referat 8. Det vart referert til brev frå fylkesmannen om at budsjett og økonomiplan 2017 er godkjent.

Referat 9. Referat koordineringsutvalet - møte 20.02.17.

Referat 10. Representant Gunn Sande (SP) stilte spørsmål til administrasjonen:

- a. Evaluering av H/O etter omorganiseringa. Kor mykje er innspart på denne omorganiseringa ?
 - b. Ynskjer status på omorganisering av brann/eigedom/plan-utvikling/reinhald.
 - c. Status på investeringsplan for rehabilitering av kommunale bygg.
 - d. Kva er status med Hoddevikbuda ?
 - e. Ynskjer orientering om tilsynsrapporten på Seljetunet.
- Spørsmåla vert tatt opp og svart på til neste formannskap.

Referat 11. Ynskje frå Senterpartiet om å få til streaming av kommunestyre i Selje.

Formannskapet ber om at dette vert ei eiga sak som vert tatt opp i samband med økonomidiskusjonen (rammediskusjon) i juni.

Referat 12. Formannskapet ber ordførar sende inn ein forespørsel til fylkesdirektør for tannhelse tilknytning til tannlegekontor i samband med samanslåing av Eid og Selje kommune.

Referat 13. Spørsmål frå representanten Jan Vidar Smenes om Barnehageopptak.

Referat teke til vitande. Samrøystes.



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 007/17 | Formannskapet | 23.02.2017 |
| | Kommunestyret | |

Rapport kommunens finansforvaltning pr. 31.12.2016

Bakgrunn for saka:

I henhold til kommunens finansreglement skal status for kommunens finansforvaltning rapporteres ved hvert tertial, og ved årets slutt. Vedlagt følger rapport over kommunens finansforvaltning pr. 31.12.2016.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 31.12.2016 vedtas til orientering.

Vedlegg i saka:

15.02.2017 Rapport finansforvaltningen pr. 31.12.2016 1330087

Formannskapet 23.02.2017:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS- 007/17 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Saksopplysningar:

«Skriv her»



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 008/17 | Formannskapet | 23.02.2017 |

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende

Bakgrunn for saka:

13 juni 2016 vedtok Stortinget lovendringar i Pasient – og brukarrettighetslova og i Helse – og omsorgstjenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tjenester – kriterier og ventelister. Grunnlaget for lovendringane er Prop. 99 L (2015-2016) og Innstilling 372 L (201-2016).

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- *Pasient – og brukarrettighetsloven*
- *Helse – og omsorgstjenesteloven*
- *Forvaltningsloven*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommune sender framlegg til lokal forskrift ut på høyring frå 24.02.17 til 13.03.2017.

Vedlegg i saka:

10.02.2017 Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester 1329944
021216

Formannskapet 23.02.2017:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS- 008/17 Vedtak:

Selje kommune sender framlegg til lokal forskrift ut på høyring frå 24.02.17 til 13.03.2017.

Saksopplysningar:

Føremålet med lovendingane er å tydeleggjere retten til sjukeheims plass eller opphald i tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Retten er presisert i Pasient – og brukarrettighetsloven §2-1e første ledd. Av lova går det fram at dersom ei helse og omsorgsfagleg vurdering tilseier at det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten/brukaren naudsynt og forsvarleg helse – og omsorgstenester er i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg, er dette ein rett pasient/brukar har.

Kommunen si plikt til å tilby slike tenester er presisert i helse – og omsorgstjenestelova §3-2a.

Ny §3-2a andre ledd i helse – og omsorgstjenestelova gjev kvar kommune plikt til å utarbeide kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg. Forskrifta skal omfatte pasientar/brukarar som vil vere best tent med langtidsopphald, men der kommunen vurderer at vedkomande sine behov kan verte dekkja med forsvarlege tenester frå kommunen i heimen medan ein ventar på langtidsopphald.

Pasientar/brukarar som med forsvarleg hjelp kan bu heime medan dei ventar på langtids plass, skal ha rett til vedtak. Vedtaket inneber at vedkomande er kvalifisert for langtids plass og skal stå på venteliste. Ny §3-2a 4 ledd i helse – og omsorgstjenestelova pliktar kommunen til å føre ventelister over pasientar/brukarar som ventar på langtids plass.

Regjeringa vil innføre nasjonale kriterier for tildeling av langtids plass i sjukeheim eller tilsvarande etter at det er gjort erfaringar med dei kommunale kriteriane og evaluering av forsøka med statleg finansiering av omsorgstjenestene. Dei nasjonale kriteriane er heimla i helse - og omsorgstjenestelova §3-2a 3. ledd.

Det nasjonale målet er å få ordninga i gang i løpet av 2017. Helse – og omsorgsdepartementet har som mål å få sett i kraft dei resterande lovendingane knytt til kommunale kriterier og ventelister frå 01.07.2017. Dette inneber at dei kommunale forskriftene må vere vedtekne slik at dei seinast kan tre i kraft 01.07.2017.

Kommunalsjefnettverket i dei 7 Nordfjordkommunane sette saman ei arbeidsgruppe hausten 2016. Dei har utarbeidd eit framlegg til forskrift, og administrasjonen i Selje føreslår at dette framlegget vert sendt ut til høyring.

Når kommunen utarbeider forskrifter skal bestemmelsane i Forvaltningslova sitt kapittel VII fylgjast. Kommunen har utgreiingsplikt, varslingsplikt og framlegget skal ut til høyring. Høyringsuttalar skal vere skriftlege.

Etter at høyringsfristen er ute, skal framlegget tilbake til formannskapet med innkomne høyringsuttalar. Formannskapet skal handsame saka. Endeleg vedtak av gjeldande forskrift for Selje vert gjort av Kommunestyret. For å ha forskrifta klar innan fristen, er målet å

handsame framlegg til forskrift i Formannskapet 23. februar og tilbake til det same organet 27. april og til slutt verte handsama i Kommunestyret 22. juni 2017.

Vurdering:

Framlegg til forskrift for Selje kommune stettar lovendingane vedteke i Stortinget 13.juni 2016 om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister.



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 009/17 | Formannskapet | 23.02.2017 |
| | Kommunestyret | |

Borgundvåg hamn - Industriområde - Førespurnad om kjøp av tomt

Bakgrunn for saka:

Førespurnad om kjøp av tomt på industriområdet i Borgundvåg, gnr. 28/23, sjå vedlegg 1.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS får kjøpe ei 4 mål stor tomt på industriområdet i Borgundvåg. Selje kommune etablerer ny avlaupsleidning og påkoplingskum, jfr. kart 2. Kjøparane får kjøpe seg inn i og koble seg på eksisterande fellestekniske anlegg, samt ny avlaupsleidning og kum. Etablering av evt. veg til tomta, må kjøparane koste sjølv.

Pris for tomta blir 34,5 kr/m² for råtomta og om lag 16 kr/m² for fellestekniske anlegg. (Pris for fellestekniske anlegg vil kunne endrast utifrå faktiske kostnader med etablering av ny avlaupsleidning og kum).

Rådmannen får delegert mynde til å inngå kjøpekontrakt, innafor rammene nemnd i saksutgreiinga. Ein føreset etablering innan 2 år frå kontraktsdato. Dersom vilkåret ikkje vert oppfylt har kommunen tilbakekjøpsrett

Opparbeiding av ny avlaupsleidning og kum blir finansiert med pengar frå sal av tomta

Vedlegg i saka:

16.02.2017 Førespurnad om kjøp av eigedom 1330093

Formannskapet 23.02.2017:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.


FS- 009/17 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.


Saksopplysningar:

Merete Borgundvåg Pettersen og Arild Borgund Iversen ønskjer, på vegne av Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS, å kjøpe eit 4 mål stort område på industriområdet i Borgundvåg. Arealet er tenkt nytta til maskinutleige og prosessering, distribusjon og sal av bær.

Dei ønskjer i utgangspunktet å kjøpe areal på vestre del av industriområdet, sjå alt. 1 på kart 1. Dette under førestnad av at Selje kommune etablerer regulert veg frå eksisterande fylkesveg og ned til sørsida av naustområdet. Dersom denne vegen ikkje blir etablert, så ønskjer dei å kjøpe tomt aust for dette området, alt. 2 på kart 1. Dette pga. at det her går ein gamal veg som fortsetter nordover på austsida av naustområdet.



Kart 1: Kartskisse over ønskja plassering av tomteareal.




Reguleringskart over industriområdet.

Selje kommune har tidligere solgt tomter på industriområdet. Prisen på tomtene har vore 2-delte. Ein grunnpris (G1) for råtomta som har vore på 34,5 kr/ m² (indeksregulert til 2017 prisnivå) og ein pris for fellestekniske anlegg (G2) som har vore på 12 kr/m². I prisen for fellestekniske anlegg (G2-prisen) ligger kostnader for å få kople seg på etablert borebrønn og septiktank med leidning ut til sjø, sjå kart 2.

Den første kjøparen av tomt på industriområdet i Borgundvåg var Westmek AS (WM). I samband med dette kjøpet, blei det gjort ei avtale mellom Selje kommune og WM om at WM skulle stå for etablering av vann- og avløp til delar av industriområdet og at Selje kommune skulle vere med på å betale 50% av kostnadane, inntil 250.000,-. Borebrønn, septiktank og sjøledning for avlaupsvann blei etablert i 2008. Kostnadane som Selje kommune og Westmek AS har hatt med etablering av disse fellestekniske anlegga får vi/dei refundert etter kvart som Selje kommune får solgt nye tomter på industriområdet. Dei nye kjøparane kjøper seg då inn i disse anlegga med ein prosentandel som er forholdsmessig like stor som arealet av tomta dei kjøper (G2).

Eksisterande fellestekniske anlegg er plassert som vist på kartet under.



Kart 2:

Blå strek = Eksisterande avlaupsanlegg (7 m³ stor slamavskiljar og sjøledning)

Raud strek= Eksisterande borebrønn med tilførselsledning til Westmek AS

Grøn strek = Forslag til ny avlaupsledning frå eksisterande slamavskiljar til nytt område i industriområdet.

Dei nye kjøparane ønskjer at Selje kommune legger til rette for avlaup, med å legge ned kum og ny avlaupsledning til eksisterande slamavskiljar. På den måten kan også dei som kjøper tomter litt vekk frå kaia kunne koble seg på utan å måtte ta kostnaden aleine med å grave seg heilt ned mot kaia. Kostnadene for ei slik etablering av avlaupsledning og kum vil komme på om lag 150.000,- eks mva.

Dei nye kjøparane har også eit ønske om at kommunen etablerer delar av regulert veg frå fylkesvegen og nord-nordvest fram til sørsida av regulert naustområde. Dette for at dei skal kunne få tilkomst til den tomta dei eigentleg ønskjer å kjøpe (alt 1 på kart1). Dette vil være ei vegstrekning på om lag 150 meter med ein bredde på 6 meter. Kostnadane for etablering vil liggje på om lag 500.000,- eks mva.

Dersom Selje kommune vel å etablere ny avlaupsledning/kum samt veg og ein slik kostnad skal belastas nye kjøparar av industriarealet, så vil prisen for fellestekniske anlegg auke frå 12 kr/m² til ca 29,5 kr/m². Dersom ein ikkje bygger veg, men legger ny avlaupsledning og kum, vil prisen for fellestekniske anlegg bli 16 kr/m².

Ved å selje ei 4 mål stor tomt, vil Selje kommune få ei inntekt på 186 000,- (4000 m² x (34,5+G2,-)) utan nyetableringar frå kommunen si side, 202 000,- ved å etablere nytt avlaupssystem og 254 000,- ved å bygge ny veg og nytt avlaupssystem. Dette er for lite til å dekkje etablering av både ny avlaupsledning/kum og veg. Etablering av ny avlaupsledning og tilkoplingskum kan finansierast av inntektene frå sal av tomta. Dersom ein også skal bygge ny veg, så må delar av denne finansierast på andre måter.

Kostnadane for nyetablering av avlaup og veg kan hentas inn igjen ved sal av resterande areal på industriområdet.

I tillegg til råtomtepris (G1) og kostnader for fellestekniske anlegg (G2), så må kjøpar betale for oppmåling og tinglysing av matrikkelbrev og skøyte for tomta.

For å sikre at tomter på industriområdet vert nytta i samsvar med intensjonen, bør sal gjerast på vilkår om etablering innan ein tidsfrist på t.d. 2 år. Om slikt vilkår ikkje vert oppfylt, bør kommunen ha tilbakekjøpsrett. For å få på plass kjøpskontrakt kan vidare forhandling og kontraktsinngåing delegerast til rådmann.

Konklusjon

Selje kommune er positive til eit sal av omsøkte område, jfr. alt. 1 eller alt.2 i kart 1., til Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS.

Ein har 3. alternativ som Selje kommune må ta stilling til.

1. Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS får kjøpe ei 4 mål stor tomt på industriområdet i Borgundvåg. Kjøparane får kjøpe seg inn i og koble seg på eksisterande fellestekniske anlegg. Etablering av tilkopling til eksisterande fellestekniske anlegg, samt evt. veg til tomta, må kjøparane koste sjølv.

Pris for tomta blir 34,5 kr/m² for råtomta og 12 kr/m² for fellestekniske anlegg.

Rådmannen får delegert mynde til å inngå kjøpekontrakt, innafor rammene nemnd i saksutgreiinga. Ein føreset etablering innan 2 år frå kontraktsdato. Dersom vilkåret ikkje vert oppfylt har kommunen tilbakekjøpsrett.

2. Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS får kjøpe ei 4 mål stor tomt på industriområdet i Borgundvåg. Selje kommune etablerer ny avlaupsleidning og påkoplingskum, jfr. kart 2. Kjøparane får kjøpe seg inn i og koble seg på eksisterande fellestekniske anlegg, samt ny avlaupsleidning og kum. Etablering av evt. veg til tomta, må kjøparane koste sjølv.

Pris for tomta blir 34,5 kr/m² for råtomta og om lag 16 kr/m² for fellestekniske anlegg. (Pris for fellestekniske anlegg vil kunne endrast utifrå faktiske kostnader med etablering av ny avlaupsleidning og kum).

Rådmannen får delegert mynde til å inngå kjøpekontrakt, innafor rammene nemnd i saksutgreiinga. Ein føreset etablering innan 2 år frå kontraktsdato. Dersom vilkåret ikkje vert oppfylt har kommunen tilbakekjøpsrett

Opparbeiding av ny avlaupsleidning og kum blir finansiert med pengar frå sal av tomta.

3. Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS får kjøpe ei 4 mål stor tomt på industriområdet i Borgundvåg. Kjøparane får kjøpe seg inn i og koble seg på eksisterande fellestekniske anlegg, samt ny avlaupsleidning/kum og veg fram til søndre del av regulert naustområde.

Pris for tomta blir 34,5 kr/m² for råtomta og om lag 29,5 kr/m² for fellestekniske anlegg. (Pris for fellestekniske anlegg vil kunne endrast utifrå faktiske kostnader med etablering av ny avlaupsleidning/kum og veg).

Rådmannen får delegert mynde til å inngå kjøpekontrakt, innafor rammene nemnd i saksutgreiinga. Ein føreset etablering innan 2 år frå kontraktsdato. Dersom vilkåret ikkje vert oppfylt har kommunen tilbakekjøpsrett.

Opparbeiding av ny avlaupsleidning/kum og veg blir finansiert med pengar frå sal av tomta (samt?).



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 010/17 | Formannskapet | 23.02.2017 |

Alkoholførebygging

Bakgrunn for saka:

Selje kommune har fått invitasjon til å bli AV-OG-TIL kommune.

Som alle andre kommunar, har også Selje kommune behov for eit fokus på godt alkoholvett.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommune blir AV- OG –TIL kommune.

Rådmannen utpeikar koordinator for dette arbeidet

Formannskapet 23.02.2017:**Handsaming:**

Framlegg frå SP:, foreslått av Gunn Sande, Senterpartiet

Dette er eit prosjekt som går over 4 år.

Det føreslåast at ein samarbeider med Eid om å opprette koordinator for dette arbeidet.

7 voterande

Votering:

Framlegg frå SP fekk 2 røyster for. Falt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for.

FS- 010/17 Vedtak:

Selje kommune blir AV- OG –TIL kommune.

Rådmannen utpeikar koordinator for dette arbeidet.

Saksopplysningar:

AV-OG-TIL arbeidar for godt alkoholvett og heilskapeleg alkoholførebygging saman med kommunen.

AV-OG-TIL Lokalt er utvikla gjennom forskning og mange år med kommunesamarbeid og er i tråd

med det grunnleggjande prinsippet i folkehelselova om å tenkje helse i alt vi gjer.

Som AV-OG-TIL kommune dreg ein gratis nytte av store kampanjar, omfattande og variert materiell, pressestrategi, og kunnskap om rusfaglege forhold og kommunikasjonsstrategi.

Itillegg bidreg AV-OG-TIL med fakta, rådgjeving, entusiasme og kreativitet.

Kommune skal i retur utnemne ein AV-OG-TIL koordinator som skal iverksette lokal aktivitet, distribuere materiell lokalt og er ansikt utad lokalt.

Koordinator skal og delta på ein to dagers konferanse i året. (Kommunen betalt kun reiseutgifter.)

Det er naturleg at dette arbeidet vert koplå saman med kommunen sitt overordna arbeid med rusforebygging. Dette arbeidet må koplast til alkoholpolitisk handlingsplan.

AV-OG-TIL jobbar spesielt innanfor desse områda:

Arbeidsliv – Båt og badeliv – Graviditet - Idrett og friluftsliv – Livskriser

Samvær med born og unge og - Trafikk

AV-OG-TIL blir eit tiltak i den ruspolitiske handlingsplanen under Delmål 1: Førebygging i folkehelseperspektiv

For å sikre målretta og kontinuerlig arbeid inngår det samarbeidsavtale mellom kommunen og AV-OG-TIL.

I korte trekk går samarbeidsavtala ut på at

AV-OG-TIL-kommunar får gratis tilgang til:

- Store kampanjeressursar
- Omfattande og variert materiell
- Pressestrategi

- Kunnskap om rusfaglige forhold
- Kommunikasjonsstrategi og mobilisering
- Årleg metodekurs
- Opplæring innan alle deler av metoden
- Rådgiving, entusiasme og eit nettverk mellom offentleg, frivillig og privat sektor
- Å delta i nasjonale kampanjar som set fokus på alkovett i forskjellige situasjonar

Til gjengjeld forpliktar kommuna seg til å:

- Vere med i 4 år som AV-OG-TIL kommune (første året som prøveperiode).
- Stille med en kommunal AV-OG-TIL-koordinator, delta på årlig metodekurs, gjennomføre lokale arrangement/aktivitetar, prioritere en satsing på alkoholforebygging, samt forankre alkoholfrie sone i ruspolitikken.
- Delta i den årlige fokusveka.
- Tilpasse nasjonale AV-OG-TIL-kampanjar til lokale forhold i den utstrekning det passer med lokale satsingsområder og planar.
- Sette lokale mål og handlingsplanar for alkovett og dei situasjonene kommunen ønskjer å satse spesielt på.
- Forankre ønsket om å bli en AV-OG-TIL-kommune i kommuneleiinga.